

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR I STORDAL KOMMUNE.

1. FORMÅL.

Retningslinjene skal regulere tilskot frå Stordal kommune til kulturarbeid i kommunen.

Formålet med kommunalle tilskot er å stimulere aktiviteten i frivillige lag og organisasjonar, og å støtte kulturarbeid i regi av einskildpersonar og lag og organisasjonar.

2. TILSKOTSMOTTAKAR

Stordal kommune kan etter søknad gje tilskot til friviljuge lag og organisasjonar og einskildpersonar.

Søkjaren skal ha hovuddelen av sitt arbeid i kommunen, eller arbeidet skal vere retta mot innbyggjarane i kommunen.

Organisasjonar som søker om tilskot skal vere demokratisk oppbygt og opne for alle. Organisasjonane må ikkje ha som mål å fremje eigne medlemmar sine økonomiske eller yrkesmessige interesser.

Søkjarane skal i regelen ha kulturarbeid som hovudelement i sin formålsparagraf. Tilskot kan gjevast til andre søkerar om ein vurderer tiltaket som spesielt viktig for kulturlivet i kommunen.

Kommunen vil ikkje gje tilskot til organisasjonar som har som hovudoppgåve å samle inn pengar for å gje dette vidare til ulike formål, sjølv om dette gjeld kulturformål.

3. TILSKOTSTYPAR.

Ein gjev følgjande type tilskot:

- Tilskot til song og musikk.
- Tilskot til ungdoms- og idrettsarbeid
- Tilskot til ymse kulturføremål
- Tilskot til forsamlingslokale
- Tilskot til drift av anlegg

4. HANDSAMING AV SØKNADENE.

Søknadene må sendast på eige søknadsskjema. Vedlagt til søknaden må det sendast inn rekneskap og årsmelding. Søknader som ikkje har med dette, vert ikkje handsama.

Ved tildeling vil ein særleg leggje vekt på aktivitet og medlemstal.

Kunngjering vert gjort i lokalaviser, ved oppslag og ved utsending av søknadsskjema til dei laga og organisasjonane som er registrert i kommunen.